

Landsomfattande tilsyn i 2008

I januar 2007 vedtok Statens helsetilsyn at kommunale barneverns-, sosial- og helsetenester til barn og spesialist-helsetenester til vaksne med psykiske lidinger skal vere område for landsomfattande tilsyn i 2008.

«Når Statens helsetilsyn vel å opplyse om landsomfattande tilsyn i året som kjem, er det fordi vi vonar at verksemndene sjølve skal setje i verk tiltak for å betre styringa og internkontrollen med tenestene.»

Ei sentral grunngiving for å velje kommunale tenester til barn er ønsket om å oppnå betre samordning av barneverns-, sosial- og helsetenester til utsette barn.

Grunngivinga for å velje det psykiske helsevernet som tilsynsområde heng saman med at det i 2007 vart ført tilsyn med det kommunale tenestetilbodet til personar med psykiske lidingar, og at det er ønskjeleg å setje eit ekstra trykk også på spesialist-helsetenestetilbodet til denne gruppa.

At tilsyna er landsomfattande, vil seie at dei blir gjennomførte i alle fylke. Tilsyna skal gjennomførast som systemrevisjonar. Alle som yter helse- og sosialtenester, er pålagde å ha internkontroll for å sikre forsvarlege tenester. Systemrevisjon er ein tilsynsmetode som legg vekt på at det er nær samanheng mellom faglege og styringsmessige utfordringar.

Kommunale barneverns-, sosial- og helsetenester til barn

Tilsynet med tenester til barn er eit felles tilsyn der Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket samarbeider om gjennomføringa. Tilsynet er initiert av Barne- og likestillingsdepartementet og Statens helsetilsyn. Saman med representantar frå regional stat er det utarbeidd ein rettleiar for tilsynet. Som ledd i førebuingane har det vore gjennomført møte med kommunale tenesteytarar, forskingsmiljø, brukarorganisasjonar og andre fagmiljø som yter tenester til barn.

Fylkesmennene og Helsetilsynet i fylka skal i dette tilsynet undersøkje om kommunane, ved å ha internkontroll, sikrar at utsette barn og unge i skolepliktig alder får tilstrekkelege tenester til rett tid og på ein samordna måte. Med utsette barn meiner vi barn og unge som ved tilbaketrekking, utagering, rusmisbruk, eller på grunn av åtferda eller situasjonen til foreldra har behov for samordna bistand frå minst to av tenestene som blir omfatta av tilsynet.

Tilsynet skal undersøkje om kommunane gjennom nødvendig samordning fangar opp, undersøkjer, greier ut og følgjer opp barn slik at dei får relevante hjelpetiltak. Vidare skal tilsynet kontrollere om dei kommunale tenestene informerer kvarandre og samarbeider om å gjennomføre tiltak når det trengst, og om dei samla tenestene som blir ytte til barna og foreldra deira, blir evaluerte. Tilsynet skal også undersøkje om kommunane sikrar at barneverns- og sosialtenesta førebur er eventuelt gjennomfører

overgangen frå hjelpetiltak i regi av barnevernet til tiltak frå sosialtenesta.

Tilsynet skal rettast mot kommunale tenester til barn som bur heime eller i fosterheimar/beredskapsheimar i heimkommunen, ikkje tenester til barn i institusjon eller i fosterheimar i andre kommunar.

Spesialisthelsetenester til vaksne med psykiske lidinger

Tilsynet skal gjennomførast i 2008 og 2009 og utførast av Helsetilsynet i fylka ved regionale team. I kvart team skal det vere fagrevisorar – psykolog og psykiater. Også for dette tilsynet er det utarbeidd rettleiar og halde møte med representantar for familjø og brukarorganisasjonar.

Tilsynet er avgrensa til distriktspsykiatriske senter. Merksemda skal særleg rettast mot korleis sentra tek vare på dei allmennpsykiatriske funksjonane overfor personar med alvorlege psykiske lidinger.

Tilsynet skal undersøkje korleis sentra tek vare på den knutepunktfunksjonen som er tiltenkt dei i behandlingsgangen, for å sikre samhandling i og mellom spesialisthelsetenesta og det kommunale hjelpeapparatet. Vidare skal det undersøkjast om behandlinga er forsvarleg, inkludert om det er sett i verk tiltak for å hindre og førebyggje bruk av tvang. Brukarmedverknad og tilbod til pårørande er også tema som det blir lagt vekt på gjennom tilsynet.

Etter eitt år skal tilsynet oppsummerast førebels.

Føre var

Føremålet med å føre tilsyn er å bidra til trygge tenester ved å sjå etter om regelverket blir følgt. Valet av tilsynsområde og tema byggjer på vurderingar av risiko og sårbarheit og behov for å føre tilsyn med tenester til særleg sårbare grupper.

I denne samanhengen gjeld dette særleg dei kommunale tenestene til utsette barn og dei polikliniske spesialisthelsetenestene til vaksne med alvorlege psykiske lidinger.